

Mo i Vingrom (gnr. 5)

Mo: Gardnamn som kjem av naturmanmet m o r: sandig slette, flat skogmark. Skrivemåten av namnet Mo i Vingrom har vore skiftande, men som regel godt kjenneleg.

Det første vi finn garden Mo i Vingrom omhandla i skrivne kjelder er i Akershus lensrekneskap for året 1623-24. Det er der fortalt at Jacob Moug betalde 1. bygsel av ”samme ødegaard Moug som nylig er lagt til landgilde til Kronen 1 skind”, og bygselpengane var 1 dlr. Men ein bør vera merksam på at dette kan vera ei busetting nr. 2 etter avfolkinga under Svartedauden.

Jacob Mo var framleis brukar av garden i 1627, og ein merker seg at da er gardnamnet skrive ”Mo”. Jacob betalde da for ”halding” av bygsla på bruket. I ei anna kjelde frå denne tid finn ein elles gardnamnet og skrive ”M o e”. I lensrekneskapen for 1628-29 er derimot namet på framleis skrive ”Jacob Moug”. Frå 1630 er det vidare og eit døme på at gardnamnet er skrive ”Mou”, og garden er da ført i gruppa for ”Ødegaarde”. Jacob betalde da skatten for ”Leiglendingebønnder” med 3 mark i pengar. I 1634 er det fortalt at landskulda av Mo var høgde til 2 skinn, og at Jacob framleis var brukar der.

Av manntallet for Kopskatten 1645 går det tydeleg fram at ”Jacob Moe” og var gift. Han betalde da den utlikna skatten for kona si og seg sjølv med ½ mark i pengar. Fra tolv år seinare er det pålitelege kjelda ”Mandtals Register for Kvegskatten 1657.” Der er det vidare fortalt at husdyshaldet på ”Mou” da var : 2 hopper, 6 naut og 6 sauer, så det ser mest ut til at gamle ”Jacob Mou” dreiv hestealnad. – Åtte år seinare hadde Knut Jacobsen tatt over og var brukar på ”Moe”, og det er vidare fortalt at Knut da var 26 år og soldat

I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er gardnamnet skrive ”Moug”, og landskylda var atter høgda og var da 5 skinn. Eigar av garden var framleis ”kongen alene”, og som bygselbonde og brukar av ”Moug” er atter oppført ein ”Jacob”. Elles er det der om garden Moug vidare fortalt at enga, innmarka ”Kand Rødis och forbedris”, at det var skog til ”Gaardz Nøtte, nogedt brotteland”, og at Mo alt da hadde seter og sommerbeite for krøtera på ”Stillen” seter. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 9 naut, og korntianda vart utreidd med 1 ¼ tønne, som altså svara til ei årsavling på ca. 12-13 tønner. Det er vidare oppgitt at ein kunde hauste 3 lass høy ”tillFieldtz” og betalde ekstra for dette 6 skilling. Ti år seinare er de 1678 namnet på brukar atter ”Jacob Moug”,

Men fem år seinare gav i 1683 Kiersten sl. Tollers skjøte til Syver Halvorsen på grd. Moug i Faaberg av skyld 5 skinn med bygsel, og der med var altså grd. Moug vorte eit heilt sjølvstendig gardsbruk. Denne handelen førde elles til ei rettssak som etter utskrift av tingboka er bokført slik:

Mo i Fåberg.

Fåberg 27. august 1683.

Knud Moe har innstevnt Sifuer Simenrud ang. en gård ved navn Moe, skyld 5 skind, som innstevnte har latt sig tilforhandle og som citanten mente sig løsningsberettiget til da hans foreldre av rå rot hadde oppryddet Plassen. Han tilbød Sifuer hans utlagte peng for gården. Saken opptages til neste ting

Tollersrud i Faaberg 10. oktober 1683.

Forlik: Sifuer Semenrud overdrager og skjøter ovennevnte gaard Moe til Knud Moe mot 60 rds. annammeldse.”

Fleire opplysningar om gardane kom i og med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Moug” i Vingrom oppgitt at garden ligg i sollia, at han er lettbrukt og at jorarten der er ”temmelig goed, dog noget tørlent”. Det var skog der nok til brenneved og gjerdefang ”samt huggtømmer”. Setra hadde berre ”maadelig hamn”, men det var slåttar til 5 lass høy. Buskapen var da: 2 hestar, 10 naut, 8 sauer og 10 geiter, og den årlege utsæd utgjorde 3 ½ tønne bygg og litt rug. Eigar og brukar av garden var framleis Knud Olsen. Ei merke seg elles at matrikkelkommissjonen gjorde framleg om at landskylda av Mo burde høgdest vidare til 7 skinn.

Men i 1741 var husbonden Knud Olsen død, og det var arveskifte på ”Mo i Faaberg”. Ved dette skiftet var landskylda av jordegodset i buet i Mo, Fløyten og Audenhus i alt 1 ½ hud, og arvebuet utgjorde 675 rd. Arvingane ved skifte var foruten enka Anne Holmsdtr. dei 5 borna i ekteskapet. Dei var: a Anders 32 år, b. Peder 28 år, c. Johannes 23 år, d. Christen 17 år, e. Kari, som var gift med J. Biørnstad på Biri.

Åtte år seinare fekk i 1749 ”Anders Knudsen Moug” søskenskjøte på grd. Moug framleis av skyld 5 skinn for kjøpesum 180 rd. + føderåd til mora Anne Holmsdtr. Av dette skjøtet tek vi elles med ei sålydane avskrift etter panteprotokollen:

”Moug.

Skjøte dat. 14 desbr. 1749 tgl. 16. febr. 1750.

Fra samsøsken og livsarvinger efter for lengst avdøde far Knud Moug og endnu levende mor Anne Holmsdtr. av Faaberg prestegjeld neml. Peder Knudsen Oudenhuus, Johannes Knudsen og Kari Knudsdr. enke efter Johannes Biørnstad på Biri til eldste bror Anders Knudsen og hans arvingar på gården Moug skyldende 5 skind med underl. 1/5 part i Fløyten engeland (der i alt skylder 3 skind) hvilken gård er de samtlige 4 søsken arvelig tilfalden. For bemeldte gård Moug og 1/5 part i Fløyten har Anders Knudsen akkorderet 180 rd. og derav betalt 10 rd. til sin mor samt av de øvrige 170 rd. levert til enhver af dem deres tilkommende andel, når hans egen arvepart derav var fradragen. Moren skal nyde fremfødsel hos ham mot at han får de småting hun efterlater sig”

Om husmannsplassen Mosløyken handlar ei sak av 1751. Husbonden Anders Moe gav da bygseddell til Ole Pedersen på ”en under hans gård Moe til underliggende husmannsplads Moesløyken kaldet beliggende i akerjordet mot årlig husleie 2 ort i arbeide”. – Året etter fekk i 1752 husbonden Anders Moe bevillingsseddell fra fogden på Stilli seter. Denne bevillingsseddelen har elles etter utskrift denne ordlyden:

”Stilli Sætter.

Bevillingsseddell dat. febr. 1752 tgl. 16. febr. s.å.

Stilli Sætter har i Fåberg prestegjeld almindig vært felles under gårdene Moug, Rindahl og Rinden, så har Anders Knudsen Moug begjært bevilgning for sin del. Nu bevilger foged Chr. Pram Anders Knudsen Moe å nyde og bruke bemeldte Stilli Sætter og sætterhavn for den sedvanlige avgift sc. av 3 ½ less hø 7 s. årlig til Hans Mayts jordeboj, som han med hans øvrige skatter har å erlegge, og han må således dyrke og forbedre, så derav mer med tiden kan bli å erlegge. Denne bevilgning må fornyes efter 20 år.”

Men i 1755 var husbonden Anders Knudsen Moug blitt i beit for pengar, og han lånte da 250 rd. av Simen Olsen Lundgaard mot årleg rente 4% og 1. prioritets pant i ”sin eiende gård Moug skyldende 5 skind.”

Anders Knudsen Moug brukte så farsgarden Mo til i 1764, da han skjøta garden over til Peder Olsen Fryjordet for kjøpesum 800 rd.+ føderåd til seljaren og mor hans, Anne Holmsdtr. som fremleis var i live.

Peder Olsen Fryjordet f. 1738, som da tok over som eigar og brukar av Mo i Vingrom, var gift med Sessel Jonsdtr. Boro, og dei hadde i sitt samliv 4 born. Det var: Eli f. 1763, gift 1798 med Ole Larsen Massingsmedstuen, 2. Ole f. 1765, 3. Iver f. 1768, g. 1793 m. Lidbet Bentsdtr. Studshoved. 4. Anne f. 1785.

I Peder Olsen si brukartid var i 1766 ei sak mellom han og Peder Knudsen Oudenus. I det forlik dei til slutt gjorde, er både ein plass ”Moer” og eit engestykke ovanfor grd. Mo kalla Ringen omhandla. Forliket gjekk vidare ut på at husbonden Peder Olsen framleis skulle få behalde garden. – Men i 1769 var husbonden Peder Olsen Moe, som han da er kalla, i beit for pengar og han fekk da lånt 700 rd. av Arne Christophersen Lundgaard, også mot årleg rente 4% og 1. pr.pant i ”sin eiende Gård Moe av skyld 5 skind”. Dette lånet vart i 1788 overtatt av Ole Andersen Øverdalen. Samtidig vart lånet høgda til 750 rd.

Året etter gav så i 1789 faren Peder Olsen skjøte til eldste sonen Ole Pedersen f. 1765 på farsgarden Mo framleis av skyld 5 skinn, men da var visstnok snglandet Fløyten frasellt utan skyldsetting..

Av 12. oktbr. 1792 er vidare ei tinglyst kontrakt som her er av stor interesse: Administrasjonen for De norske Glasverker og Ole Pedersen Mo vart da samde om at Glasverket skulle få overta ”endeel Jord og Skov” av garden Mo.

Ole Pedersen, som da var eigar og brukar av Mo, var gift to gonger, først med Marit Jonsdtr. og så med Berik Eriksdtr. Ulland, og det var born i baa ekteskap. Borna i første ekteskap var: a. Anne (Johanne) f. 1796, b. Mari f. 1799, c. Peder f. 1805, d. Iver. f. 1808, død same året. Borna i det andre ekteskapet var: e. Matias f. 1814, død 1815. f. tvillingane Even og Marte f. 1816, Even død 1818, g. Karen f. 1819.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på Mo. Dei var:

1. familie: 1. Ole Pedersen, husbonden, 34 år, 2. Marit Jonsdtr., kona hans, 34 år, 3. Anne Olsdtr., 5 år, dotter deira, 4. Anne Pedersdtr., tenestkvinne, 16 år, 5. Kari Pedersdtr. , tenestkvinne, 24 år.

2. familie: 1. Peder Olsen, føderådsmann, 64 år, 2. Sessel Jonsdtr., kona hans, 57 år, 3. Henning Christensen, legdbarn, 11 år, 4. Jøran Halvorsen, ”inderst og gaaer i Dagleie, 59 år.

3. familie: 1. Iver Pedersen, husmann med jord/, og Companitambur, 33 år, 2. Lisbeth Bendsdtr., kona hans, 31 år, 3. Jon, son deira, 8 år, 4. Berthe, dotter deira 6 år, 5. Sidsell, dotter deira 3 år.

4. familie: 1, Amund Pedersen, innerst utan jord, 66 år, 2. Kari Halvorsdtr., kona hans, 45 år, 3 Peder Amundsen, son deira, 6 år, 4. Christen Amundsen, son deira, 1 år.

Av serleg interesse er dødsbuskiftet på ”Moug i Faaberg” av 2. januar 1816. Ved dette skiftet vart buet oppgjort i riksbankdalar norsk valuta og utgjorde da brutto 3664 rbd. og netto 1771 rbd. – Arvingane ved skiftet var sltså enkemannen Ole Pedersen etter sitt 1. ekteskap og dei 3 born i ekteskapet, som framleis var i live: a. Peder, b. Anne, c. Johanne.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om grd. "Moug" oppgitt at buskapen der av store husdyr da var 2 hestar og 13 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 35 tønner. Året før hadde elles husbonden Ole Pedersen gitt husmannsseddel til Lisbeth Moen.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. "Moug (Mo) fekk da som si nye matrikkelskyld: 3 skylddalar 4 ort og 22 skilling, og det var da framleis Ole Pedersen f. 1765 som var eigar av garden. Men året etter, altså i 1839 skjøta så husbonden Ole Pedersen ættegarden Mo over til sonen Peder Olsen f. 1805. Samtidig gav så kjøparen føderådsbrev til faren og stemora Beret Eriksdtr. Ulland, som faren da var oppattgift med. D e i hadde elles i sitt ekteskap 4 born. Det var: a. Matias f. 1814, død 1815, b. Even f. 1818, død 1818, c. Marte (tvilling) f. 1818, d. Karen f. 1819.

Peder Olsen Mo, som i 1839 tok over som eigar og brukar av garden, var gift med Anne Arnesdtr. Lekshus, og dei hadde i sitt ekteskap 5 born. Dei var: 1. Christian f. 1830, 2. Ole f. 1836, 3. Andreas f. 1839, 4. Matias f. 1842, død 1843, 5. Matias f. 1844.

Frå Peder Olsen si brukartid er ei tinglyst leigekontrakt der han bortfesta til Oplandske Dampskibsselskab for eit tidsrom av 5 år "den Gaarden Mo tilhørende Mjøsstrand," mot årleg leige 4 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Moug" i Vingrom oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 288 mål, og av dette var 90 mål jord av 1. klasse. I det samla areal er vistnok da "Moug, Fløiten" ikkje medrekna, da d e n var brukt av A. Døsen. Derimot er det i 1865 oppgitt at husdyrhaldet på Mo med husmannsplassar i den tid utgjorde 5 hestar, 17 storfe og 29 småfe, og at utsæden av korn var 10 tønner og av settepoteter 12 tønner. – Her tek vi elles med at i åra 1873-74 var det ei utskifting av "søndre Vingerums Hjemhavn".

Interessante og opplysende er her på Mo dei mange gamle stadnamn både innagjerdes og utagjerdes. Her er namn som: Hågåbakken, Gutubakken. Bånslettringen (gml. Hemseter)- I skogen var: Sjursmyra, Skoromyra, Rundhaugmyra og Røslettmyra; i setervegen var: Stilbruberga, heime på garden var: Skomakerstugua og Rasmusstugua, leler "Rasmus" som stugua og vart kalla. Det var der Rasmus Jensen, sikkaren ved Jevne glasverk, bygde til seg og budde i ein lang mannsalder. Da Glasverket gjekk i stå, heldt Rasmus fram som møbelsnikkar, og mange er dei roskenker og stuguklokkesser som han laga. Ikkje minst dei bogeforma dørene fortel om ein meisters innsikt i sitt yrke.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnymmer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Mo i Vingrom fekk da gardsnr. 5 av samla skyld 12, 14 mark, og det var alt da 2 bruksnr. Under gardsnr. 5 Mo. Dei var: a- Grn. 5 brn. 1 av skyld 12, 03 mark som Peder Olsen framleis var eigar og brukar av b. grn. 5 brn. 2 Fløiten av skyld 0,11 mark, som Anders og M. Døsen da åtte.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at brørne Andreas og Mathias Pedersøner hadde overtatt gnr. 5 brn 1 Mo, og P.A. Owren hadde overtatt brn. 2 Fløyten. Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 fem personar med røysterett på og

/eller ved Mo. Dei var: 1. rentenist Andreas Pedersen Mo, 68 år, 2. rentenist Ingvald Iversen Mo, 26 år, 3. arbeidar Ole atiassen Gurubakken, 33 år, 4. husmor Agnete Andresdtr. Gutubakken, 32 år, 5. arbeidar Gustav Matiassen Gutubakken, 25 år.

Om same rentenist Anderes Mo og Ole Hauger fortel Sigmund Lindstad dette på sin stillfarende lune måte: "Andreas var godbusser med Ole Hauger. Engang på "marten" de var i følge, fikk Ole se ebn hest han gjerne vilde kjøpe, men så hadde han ikke penger på sig, men Andreas la ut pengene. Jeg kan huske at Andreas var på Hauger engang og Ole vilde da betale tilbake pengene, men Andreas vilde ikke ha dem. Hesten skulde Ole ha som gave".

Om eit grustak på Mo handlar ei kontrakt av 1907. Andreas Mo gav da leigekontrakt på eit "grustag stort 1 maal uttaget paa på denne Gaard". Frå dette utvida grustaket på Mo har det sikkert seinare gått ut tusental av kubikkmeter.

Andreas Mo garden til Jens Kværum og Iver Søhus, som så å seia samtidig lånte kr. 20 000,- i Den norske Enkekasse. Jens Kværum og Iver Søhus hadde elles ikkje garden Mo meir enn i to år. Da skjøta dei i 1910 grd. Mo vidare til kammerherre Haakon Mathiesen for kjøpesum kr. 51 500,-. Frå same året er og ei erklæring frå Haakon Mathiesen om at skogen på Mo ikkje var meir enn 2 900 mål.

I denne tid var elles Elise og Bernt Smestuen på Mo ca. 2 ½ år og flytta så til garden Sveen i Vingrum, som Ivar Søhus da kjøpte.

Av handlar med garden Mo i Vingrom i nyaste tid tek vi vidare med at i 1914 kjøpte så Ingvald Moe f. 1881 garden tilbake av kammerherre Mathiesen.

Ingvard Iversen Mo av foreldre Iver Eriksen og Marthe Amundsdr. Giftn seg i 1916 med Torbjørg Halvorsdr. Moen, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Dei er : Halvard f. 1918, 2 Sigrun f. 1925, 3. Inger f. 1934.

Ved jordbruks registreringa av 1939 var det under grn. 5 Mo i Vingrom atter berre eitt bruksnummer. Det var: Grn. 5 brn. 1. Mo med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 250 mål (dekar), som Ingvald Moe framleis var eigar og brukar av.

Nå i 1964 er det sonen Hallvard Ingvaldsen Moe og hustru Dagny som er husbondsfolk på Mo i Vingrom.